



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
[Org.nr.: 976997654](https://orgnr.no/976997654)

MØTEREFERAT

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 22. oktober 2020
Møtetid: 1800-2130
Møtestad: Kyrkjelydshuset

Desse møte:

Arne Hjelmås, Svein Løwe, Odd Arve Orten, Eva Beate Nybø, Hanne Katrine Småge, Berit Marie Sporsheim, Sissel Kvist, Skeide og Kristian Finn Risung (8)

Forfall: Anne Berit Oterhals Skrede og Anne Beate Storbakk (2)

Varamedlemmer: Oddmund Varhaugvik og Peder Nedrelid (2)

Elizabeth Stewart Søvik (kyrkjeverje) : referent.

Odd Arve Ortenvar med fram til handsaming til og med sak nr 51.

SAKLISTE

SR/FR-sak

Sak 46: GODKJENNING AV:
A. **Innkalling** – utsendt 15. oktober
B. **Referat frå møtet 03. september 2020**

MERKNADER TIL INNKALLINGA: det var drøfta av ordninga med varamedlemmer etter valet. Elizabeth og Svein skal sjå nærare på dette.

MERKNADER TIL REFERATET FRÅ FØRRE MØTE: oppfølging i samband med sak nr 40: Gudstenestutval for Julsundet. Den 3. personen med gruppa er Bodil Trygstad.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Innkallinga til dette møte vert godkjend
2. Referatet frå møte 03. september 2020 vert godkjend.

Vedtak:

Framlegget vert godkjend.

Sak 47: ØKONOMISK RAPPORT PR 30.09

FRAMLEGG TIL VEDTAK I SFR:

Den vedlagde økonomiskrapport pr 30.09.20 vert teke til orientering.

Vedtak:

Den vedlagde økonomiskrapport pr 30.09.20 vert teke til orientering.

Sak 48: BRANNSLOKKINGSANLEGG – VAL AV LEVERANDØR**Vedtak i AU:**

AU foreslår at Norconsult blir valt som leverandør i samband med brannsløkkingsanlegget i Aukra kyrkje.

Etter AU møtet fekk vi utfylt tabell frå Multiconsult. Det blir lagt fram for SFR, men ikkje AU.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

ALT 1. Tilråding frå AU (Norconsult) vert vedteke.

ALT 2. Det blir sendt ut notat og skjema som leverandørane skal returnere med nærmare detaljer om nokre punkt. Saka blir då utsett til neste soknerådsmøte etter at vi har motteke denne informasjonen.

Vedtak:

Framlegg nr 2 var vedteken med 7 mot 1 røyst.

Sak 49: KJØP AV DEKKETØY TIL KYRKJELYDSHUSET**FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Kyrkjeverja får fullmakt til å kjøpe inn dekketøy og kaffikanner etter tilbodet frå Westad Storkjøkken AS. Beløpet vert finansiert av disposisjonsfondet.

Vedtak i SFR:

Kyrkjeverja får fullmakt til å kjøpe inn dekketøy og kaffikanner etter tilbodet frå Westad Storkjøkken AS. Beløpet vert finansiert av disposisjonsfondet.

Sak 50: BUDSJETT 2021**SFR: FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Framlegget til driftsbudsjett for 2021 vert godkjend.

Vedtak i SFR:

Framlegget til driftsbudsjett for 2021 vert godkjend.

Sak 51: JULEGUDSTENESTER 2020**FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Det vert sett opp julegudstenester på desse datoar og tidspunkt:

23.12	Aukra kyrkje kl 1900 og 2030
24.12	Julsundet kl 1300, Aukra kyrkje kl 1445, 1530, 1615 og 2300
25.12	Aukra kyrkje kl 1200

Når det gjeld skulegudstenester, har Kristian teke kontakt. Det blir følgt opp av han.

Vedtak i AU:

Framlegg om plan for gudstenestene jula 2020 vert godkjend og settast i verk snarast.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Gossen skule vert brukt som lokale for julegudsteneste
2. Framlegget frå AU vert vedteke med unntak når det er 15 eller mindre som tinga plass. Då blir gudsteneste avlyst.

Vedtak:

Framlegg nr 2 blei vedteke 7 mot 2 røyster.

Sak 52: OPPSEIING AV BEDRIFTSHELSETENESTE MED STAMINA

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Aukra Sokn seiar opp avtalen med Stamina. Kyrkjevevja undersøker prisane om alternativ tilbod.

Vedtak i AU:

Aukra Sokn seiar opp avtalen med Stamina. Kyrkjevevja undersøker prisane om alternativ tilbod.

Vedtak i SFR:

Framlegget frå AU vert godkjend.

Sak 53: ORIENTERINGSSAKER

- **Sakristiprojektet** – snekker arbeidet er ferdig. Det er att elektroarbeid, putene og inventar – det er forventa i løpet av november.
- **Julsundet** – erfaring med 2 gudstenester i sept og okt. Kristian, Sissel og Elizabeth delte deira oppleving med soknerådet. Mange positive tilbakemeldingar. Har brukt dei nye salmebøker og har bestilt fleire med store skrift. Martin har lage til fine kassetar til oppbevaring og transportering.
- **Visitass 2021** – Elizabeth og Kristian driver på. Det må sannsynleg sette opp eks.ord.soknerådsmøte i samband med dette arbeidet i november. Kjem attende til det om ikkje så lenge. Elizabeth og Kristian skal ha arbeidsmøte v. 44
- **Kyrkjebladet** – status. Kun 1 nummer før jul – ingen haustnummer.
- **Gudstenesteplan 2021** – jobbar med saka. Meir info kjem på neste møte.
- **Trusopplæring** – aktivitetar og planar framover: 5/11 Undertur i kyrkja for 4 åringer, lysvåken 28. – 29. nov. Det er ikkje sett opp dato for bibelsmugling enno. Viser elles til referatet frå trusopplæringsutvalet av 26.05.2020 lagt fram i møte som var lagt fram i førre soknerådsmøte.
- **Referat frå Kyrkjemusikkutvalet 03.09** – vert teke til orientering.
- **All helgens – konsert 30/10 og gudsteneste(r) 1/11** – Elizabeth og Kristian orienterte om desse.
- **Årsmøte 4.10** – positive møte og cirka 20 stk møte opp. Nokre punkt blir følgt opp/teke til etterretning i samband med «ordet fritt».
- Konfirmasjonar – siste 2 er 24. oktober for 2020.
- **Smittevern – evt. endringar** – ingen vesentlege endringar som påverka oss pr dd.
- **Førjulssamkome 2020** – avlyst i år

- **Misjonskveld** – det er ynskje å sette opp *Misjonskveld* 13. november. Må ha hjelp til organisering og matlaging.
- **Konserten 30. oktober** –Svein filmar for omsorgssenteret

Aukra 27. oktober 2020

Svein Løwe
Leiar
(sign)

Elizabeth Stewart Søvik
Kyrkjeverje/sekretær
Tlf: 71171540/90838155